

Arbeidsmarkedet nå – april 2008


"Arbeidsmarkedet nå" er et månedlig notat fra Statistikk og utredning i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Notatet er skrevet av Jorunn Furuberg, Jorunn.Furuberg@nav.no, 5. mai 2008.

Færre arbeidslause men fleire på tiltak

Sesongjusterte tal viser at det var ein nedgang i talet på arbeidslause på 1 400 personar i løpet av april. Tilsvarende tal for summen av heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar viser ein nedgang på 100 frå førre månad. Dette tyder på at ein del av nedgangen i arbeidsløysa kan forklarast med ein auke i tiltaksnivået.

Ved utgangen av april er det registrert 38 800 (1,6 %) heilt arbeidslause hos NAV. Dette er ein nedgang på 8 500 personar eller 18 prosent i høve til same tid i fjor.

Figur 1. Utviklinga i talet på registrerte heilt arbeidslause og summen av ordinære tiltaksdeltakarar og heilt arbeidslause. Sesongjusterte tal. Januar 1998 – april 2008.




Kjelde: NAV.

Utflating i talet på nye arbeidssøklarar

Den siste månaden har talet på tilgangen av nye ordinære arbeidssøklarar gått litt ned. Dette er eit tal som gjerne svingar ein del frå månad til månad. Ser vi dei siste månadane under eitt, har talet på nye arbeidssøklarar auka litt. Samanlikna med april i fjor har talet på arbeidslause med arbeidssøklarvarigheit under 4 veker auka med 5 prosent.

Figur 2. Tilgang av ordinære arbeidssøkjjarar per yrkedag, behaldning av summen av heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar. Sesongjusterte tal. Trend. Januar 2001- april 2008.




Kjelde: NAV.

Litt færre ledige stillingar

Talet på tilgangen av nye ledige stillingar har gått litt ned dei siste månadene, men ligg framleis på eit høgt nivå. Nedgangen i talet på nye ledige stillingar kan tyda på at det no er mindre press i deler av arbeidsmarknaden.

Figur 3. Tilgang ledige stillingar per yrkedag. Stillingar lyst ut i media, registrert av arbeidsgjevarar på nav. no eller meldt til NAV. Sesongjusterte tal. Trend. Januar 2001- april 2008.



Kjelde: NAV

Den økonomiske utviklinga internasjonalt

Fallet i bustadprisane i USA held fram og har ført til uro på finansmarknadane både i USA og Europa. Forbrukartilliten i USA er no på eit svært lågt nivå og det er ei svak utvikling i privat konsum. Arbeidsmarknaden viser ein nedgang, med fall i sysselsettinga og auke i talet på arbeidslause.

Den økonomiske utviklinga i Europa har vore positiv med ein nedgang i arbeidsløysa. Sterk euro, finansiell uro og lågare tillit til framtida frå både hushalda og industrien fører til større uvisse knytt til utviklinga framover.

Den økonomiske veksten i Kina har vore svært sterk dei siste åra. Styresmaktene har difor stramma inn pengepolitikken av frykt for overoppheting av økonomien. Trass i dette er inflasjonen framleis høg. Tal frå 4. kvartal 2007 viser at den økonomiske veksten har dempa seg noko, men BNP steig likevel med 11,2 prosent frå året før. Sterk vekst i Kina har ført til ein sterkare valuta, noko som kan føra til lågare vekst i eksporten i framtida.

Utviklinga i norsk økonomi

Veksten i norsk økonomi var svært sterk gjennom 2007. Bruttonasjonalproduktet for Fastlands-Noreg auka med 6,0 prosent i løpet av året, noko som er den største veksten sidan 1971. Veksten var breitt basert og fant stad både i vare- og tenesteproduksjonen.

Den sterke økonomiske veksten har resultert i ein kraftig vekst i sysselsetjinga. Tal frå AKU viser at sysselsetjinga auka med 99 000 frå første kvartal 2007 til første kvartal i år. Yrkesaktiviteten auka i alle aldersgrupper og blant begge kjønn.

I følgje Teknisk beregningsutvalg var lønsveksten på 5,4 prosent i 2007. Dette er den høgaste lønnsveksten sidan 2002. Det sentrale lønsoppgjeret i privat sektor er no ferdig, i tillegg kjem dei lokale lønsoppgjera. I år ventar ein at det endelige resultatet av lønsoppgjera vil gi ein minst like stor auke i lønsveksten som i fjor.

Konjunkturbarometeret for 1. kvartal 2008 antyder ei avmatning av konjunkturforløpet. Framleis stig produksjonsvolumet og sysselsetjinga, men veksten i ordretilgangen ser ut til å flata ut. Mangelen på kvalifisert arbeidskraft til deler av industrien er framleis eit problem, men mindre enn i fjor.

Tal frå 4. kvartal 2007 tyder på framleis sterk vekst i investeringane innan industrien i 2008. og ordreservane var i same periode 40 prosent høgare enn i 4.kvartal 2006.

Den siste tida har krona styrka seg mot dollar og euro. Ein framleis høg kronekurs vil kunne føre til vanskelegare konkurransetilhøve for eksportindustrien.

Lågt rentenivå, god reallønsvekst og høg vekst i bustadprisane har gitt svært høge bustadinvesteringar dei siste åra. Den siste tida har bustadprisane gått noko ned og saman med ein auke i rentenivået har dette gitt ei utflating og nedgang i aktiviteten innan bustadbygginga.

Svakare utvikling innan bygg og anlegg

Samanlikna med tal for april i fjor går arbeidsløysa ned innan alle yrkesgrupper. Arbeidsløysa går mest ned innan barne- og ungdomsarbeid (-26 %) , og innan ingeniør- og ikkfag, akademiske yrke, undervisning og helse, pleie og omsorg som alle viser ein nedgang med 25 prosent. Arbeidsløysa går minst ned innan bygg og anlegg (-4 %) og industriyrka (-11%). Utviklinga dei siste månadene tyder på at nedgangen i arbeidsløysa innan bygg og anlegg skuldast ei opptrapping av arbeidsmarknadstiltak.

Arbeidsløysa er lågast blant leiarar (0,6 %) og innan undervisning (0,6%). Arbeidsløysa er høgast blant personar med bakgrunn frå reiseliv og transport (2,3 %) og innan industriarbeid (2,2 %).

Helse, pleie og omsorg

Arbeidsløysa har gått mest ned det siste året i gruppa anna pleie – og omsorgspersonell (-29 %) som også inkluderer ufaglært arbeidskraft, samt blant sosionomar og barnevernspedagogar (-24 %) og sjukepleiarar og jordmødrer (-24 %) .

Bygg og anlegg

Blant snekkarar og tømrrarar har arbeidsløysa auka med 21 prosent samanlikna med april i fjor. Sjølv om auken i absolutte tal er liten, viser dette ein svakare trend innan byggfaga. Innan bygg og anlegg går arbeidsløysa mest ned blant veg- og anleggsarbeidarar der det no er 28 prosent færre arbeidslause enn same tid i fjor.

Ingeniør- og iktfag

I denne yrkesgruppa har arbeidsløysa gått mest ned innan ikt-yrka der det no er 31 prosent færre arbeidslause enn same tid i fjor.


Undervisning

I undervisningsyrka har arbeidsløysa gått mest ned det siste året blant grunnskolelærarar der det no er 31 prosent færre arbeidslause enn ved utgangen av april i fjor. Blant lærarar i vidaregåande skole har arbeidsløysa gått ned med 25 prosent.

Industri

Arbeidsløysa går mest ned blant personar med bakgrunn frå gruppa andre handverkarar (- 20 %) og blant hjelpearbeidarar innan industrien (-20 %).

Figur 4: Prosentvis endring i talet på registrerte arbeidslause etter yrkesbakgrunn. April 2007-april 2008.




Kjelde: NAV

Færre arbeidslause i alle fylker

Samanlikna med april 2007 går arbeidsløysa ned i alle fylke. Nedgangen har vore størst i Buskerud

(-29 %) og Sogn og Fjordane (-28 %). Arbeidsløysa er lågast i Rogaland (1,0 %) og i Akershus (1,1 %) og høgast i Finnmark (3,2%) .

Figur 5: Prosentvis endring i talet på arbeidslause etter fylke. April 2007- April 2008.





Kjelde: NAV

Spesielle tilhøve ved månadsoppdateringa

Det er ingen kjende spesielle tilhøve som har innverknad på månadstala for april i år.

Figurvedlegg

Figur 6 og 7: Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar innanfor yrkesgrupper (yrkesbakgrunn). Januar 2004 – april 2008. Januar 2004 = 100. Sesongkorrigerte tall.



Kjelde: NAV

Figur 8: Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar i regionar. Januar 2004 – april 2008. Januar 2004 = 100. Sesongkorrigererte tall.

